

Fagnettverk «Arbeid med barn med Downs syndrom» 21.05.2026

Stad: Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal. **Klasserom:** «STAD» i 2.etg i Høgskulebygget. Sjå kart her: [Høgskbygget 2.etg kl Stad, Høgskulebygget, Campus Sogndal - MazeMap](#)

Tidspunkt: Torsdag 21.mai 2026 kl 08.45-14.45

Målgruppe: Tilsette i barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, PPT, helsestasjon, bu og miljø m.fl som jobbar med barn og unge med Downs syndrom, føresette, samt andre som opplever nettverket som relevant t.d generelt spesialpedagogisk arbeid.

Lunsj: Ja, inkludert. Meld frå om evt. allergiar i påmeldinga

Deltakaravgift: Nei, samlinga vert dekkja av regionale midlar

Tema: Lesing, skriving og vurdering v/ Statped

Til samlingane våren 2026 er me så heldige å ha fått innvilga systemsøknad frå Statped. Karoline, Tone og Anne kjem til å legge opp dagen kring tematikken **lesing, skriving og vurdering**. På førre samling 27.januar var hovudtemaet språk, samtidig som me starta på temaet lesing og skriving. Under denne samlinga vil me gå meir i djupna på lesing og skriving. I tillegg skal me fokusere på vurdering. Me ynskjer i fellesskap å diskutere undervisningsformer for god vurdering og moglegheit for alternative vurderingsformer. Dette kan vere aktuelt om du jobbar i barnehage, skule, PPT, bu og miljø og liknande eller om du er føresett.

Program:

- 08.45- 09.00** Kaffi, frukt, velkommen og kort informasjon v/ arrangørgruppa
- 09.00- 11.15** Økt 1 og 2 v/Karoline Hoff, Tone Merethe Kvalø og Anne Moen frå Statped
Me legg inn ein pause ca kl 10-10.15
- 11.15- 12.00** Lunsj i HVL-kantina
- 12.00- 13.45** Økt 3 og 4 v/Karoline Hoff, Tone Merethe Kvalø og Anne Moen frå Statped
Me legg inn ein pause ca 12.45-13
- 13.45- 14.00** Spørsmål til Statped
- 14.00- 14.05** Kort pause
- 14.05- 14.35** Me deler erfaringar og materiell kring tematikken og diskuterer i grupper
- 14.35-14.45** Avslutning v/ arrangørgruppa
Vegen vidare for nettverket
Evaluering via QR-kode

Dersom nokon har konkrete problemstillingar eller spørsmål ein ynskjer Statped skal snakke om, så er det fint om ein sender desse på e-post til ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no på førehand.

Arrangørgruppa: Luster ungdomsskule, Kvåle skule og foreldrerepresentantar v/Mona Kristin Bukve, Johanne Grov, Silje Vinda, Birte Barsnes Frøyd og Ingrid Steine Bortne – i samarbeid med Statped.

Påmeldingsfrist: 7.mai kl 23. Meld frå om evt. allergiar i merknadsfeltet i påmeldinga.

Velkommen!

Beste helsing
På vegne av arrangørgruppa

Ingrid Steine Bortne
Programleiar barnehage- og skuleutvikling i Sogn
Mob 48 25 03 06